



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8004 Dep.
0030 OSLO

Att: Hanne Steen

Deres ref.
15/4178-14

Vår ref.
16/2186-10 465.41/OYRO/anol

Dato:
Oslo, 05.12.2016

Høring – forslag til endringer i personopplysningsforskriftens regler om melde- og konsesjonsplikt

Vi viser til høyringsnotat av 29.08.2016 med svarfrist 29.11.2016, og utsett svarfrist til 05.12.2016.

Kommunal- og Fornyingsdepartementet gjer framlegg om å gjera unntak for meldeplikta for handsaming av personopplysingar i aktivitetslogg i tilgangskontrollanlegg, ved bruk av kameraovervaking, i organ for stat eller kommune når handsaminga er heimla i eiga lov og ved bruk av elektronisk køyrebok og flåtestyring.

Vidare vert det gjort framlegg om å gjera unntak for både melde- og konsesjonsplikt for handsaming av personopplysingar i klientregistre, i kvitvaskingsregistre, hos helsepersonell som er underlagt offentleg autorisasjon eller gjeve lisens, i bivirkingsrapportering og ved intern og ekstern varsling av kritikkverdige tilhøve.

Grunngjevingane for desse endringane er i hovudsak at Datatilsynet sine meldingssystem er tungdrivne og lite brukarvenlege, at bruk av ny teknologi reduserer behovet for melding og at trugsmålet mot personvernet er liten.

Departementet held fram at framlegga til endringa må sjåast i ljøs av at den nye Personvernforordninga til EU (EU 2016/679) trer i kraft 25. mai 2018. Der vert meldeplikta oppheva. Berre der risikoen for personvernet ikkje kan handterast på ein god nok måte, skal det søkjast om førehandsgodkjenning.

Fleire av forbunda som er tilslutta LO seier at dei ikkje stør framlegget frå departementet.

Industri Energi erfarer, spesielt når det gjeld kameraovervaking, at handsamingsansvarlege ofte ikkje føl regelverket godt nok, og at framlegga til endring heller vil styrka dårleg praksis enn å auka respekten for regelverket.

Fellesforbundet meiner at ny teknologi som vert teken i bruk ofte kan lagra personopplysingar, og kan utan at det er føremålet, føra til endra arbeids- og organisasjonsformer med meir fokus på kontroll. Ei meldeplikt vil bidra til at verksemdene er

medvitne om kva system som registrerer og lagrar personopplysingar, og korleis dei kan brukast.

Norsk Transportarbeiderforbund peikar på at det er omfattande registrering for yrkessjåførar. Fartsskrivarar, flåtestyringssystem, og andre GPS-baserte overvakingssystem er montert i køyretøyet. Noko er lovpålagt og noko er innført etter krav frå oppdragsgjevar. Kvar for seg kan desse systema både bidra til auka tryggleik og produktivitet. Men sett saman kan dei gje detaljerte bileter av aktiviteten til den tilsette. Det er dømer på at slik informasjon er blitt misbrukt.

Dei har gode erfaringar med at samarbeid med Datatilsynet gjennom systemet med melde- og konsesjonsplikta, har bidrege til å løysa lokal usemje om korleis slike system skal nyttast. Dei meiner at utviklinga peikar i retning av skjerpa regelverk, heller enn deregulering.

Forbunda sitt syn vert støtta i ein forskingsrapport frå i år som Arbeids- og sosialdepartementet tinga frå Fafo: "Generelt strengere lovgivning ved bruk av kameraovervåking kan være en forklaring på den relativt sett høyere andelen som svarer at de har avtaler eller retningslinjer for bruk av kameraovervåking." (Bråten: Faforapport 2016-5)

I 2012 nedsette det partsamansette Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd ei arbeidsgruppe som skulle vurdere personvern- og arbeidsmiljøutfordringar som følgje av kontroll og overvaking i arbeidslivet. Gruppa gav si tilråding 1. april 2014.

Arbeidstakarrepresentantane meinte at det bør setjast ned eit lovutval for å gå gjennom lovverket som gjeld for personvern og kontroll og overvaking i arbeidslivet. Myndigheitene meinte også at regelverket kan oppfattast som vagt, og opna for ein gjennomgang av regelverket med tanke på å sjå om det kan organiserast på ein betre måte. Arbeidsgjevarsida var samd i at regelverket kan oppfattast som lite tilgjengeleg, og meinte at det vert løyst best gjennom retningslinjer/guidelines.

Ei samla arbeidsgruppe konkluderte mellom anna med:
"Arbeidsgruppen konstaterer at EUs arbeid med ny forordning ikke har kommet langt nok til å ha noen innvirkning på disse konklusjonene. Eventuell alternativ regulering av området må vurderes opp mot EU-forordningen når den måtte foreligge."

På bakgrunn av denne konklusjonen, og forbunda i LO sine merknader, meiner LO at det bør setjast i gong eit partsamansett arbeid for å sjå på korleis regelverket for personvern og kontroll og overvaking i arbeidslivet kan tilpassast den nye EU-forordninga.

Eventuelle endringar i regelverket for melding- og konsesjonsregelverket bør vera ein del av eit slikt arbeid.

Med vennlig hilsen
LANDSORGANISASJONEN I NORGE

Trude Timmlund
(sign.)

Øyvind Rongevær
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.